



Svein Viktor Ellingbø
økonomileiar

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/514 - 23/6294

Sakshandsamar:
Kristin Kvamme Rasch
kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.n
o

Dato:
29.06.2023

Lokal til Masfjorden frivilligsentral

Vedlagt følgjer saksutgreiing og vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Kristin Kvamme Rasch
frivilligkoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakere:

Svein Viktor Ellingbø

økonomileiar

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Kvamme Rasch	FE-612	23/514

Saknr	Utval	Type	Dato
046/2023	Formannskapet	PS	05.06.2023

Lokal til Masfjorden frivilligsentral

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune etablerer ein framtidig møteplass/frivilligsentral i delar av gamle legekantoret på Hosteland. Det vil og gje rom for vidare satsingar.

Frivilligsentralen har midlar på fond som vert nytta til etableringa.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune overtok drifta av Masfjorden frivilligsentral frå og med 1.1.2023. Det vart oppretta ei 100 %stilling som frivilligkoordinator.

Frivilligkoordinator starta i stillinga 2.5.23. Frivilligkoordinatoren har vore på leiarsamling, kommunestyremøte, og møter med ulike lag og organisasjonar i kommunen.

Frivilligkoordinator har observert at det er mykje godt frivillig arbeid i kommunen, med mange eldsjeler som er heilt nødvending for at frivilligheita skal bestå. Ein aktiv og levande frivillig sektor er av grunnleggande betydning for eit aktivt og levande lokalsamfunn. Det er med dette viktig at Masfjorden kommune legg til rette for frivillig arbeid.

Statlege styresmakter har peika på at det offentlege vil vere heilt avhengig av innsats frå frivillige for å ivareta gode velferdstilbod i framtida. Frivilligsentraler har som oppgåve å koble frivillige med innbyggjarar som har behov for bistand som går ut over dei offentlege tenestene pliktar å ivareta. Gjennom frivilligsentralen ynskjer vi å stimulere til eit levande lokalmiljø, møte på tvers av generasjonar og auke livskvaliteten for innbyggjarane.

Fakta

Masfjorden frivilligsentral

Forskriftene til NFS (Norge frivilligsentral) står det:

-Ein frivilligsentral treng ikkje eige noko, men må ha egne lokal til disposisjon der det er mogeleg å

gjennomføre «møte mellom menneske» på ein god måte.

NFS anbefaler at lokala- enten det er ein fast stad eller ein ambulerande bruk at ulike lokale- utformast / benyttast på ein slik måte at lokalbefolkninga oppleve frivilligsentralen som den ansvarlege aktør/arrangør. Betytte seg av lokal som er godt synleg og tilgjengeleg. Lokalisering må gje grunnlag for at dei frivillige oppleve tilhøyrse og eigarskap.

Etter samtale med ulike sektorar i kommunen ser administrasjonen behovet for ein møteplass som kan skape eit inkluderande lokalsamfunn der frivilligheita og dei ulike kommunale tenesteapparata kan samlast. Lokalet må kunne nyttast både på dagtid og kveldstid etter dialog mellom frivilligheita og kommunen.

Masfjorden kommune ynskjer å nytte det gamle legekantoret på Hosteland, og etablere «Masfjorden Frivilligsentral» i dette lokalet.

Vurdering

Det vil vere utfordrande å utvikle framtidig møteplass i noverande lokal på kommunehuset der frivilligheita skal involverast.

«Gamle legekantoret» er i god stand byggeteknisk og ligg sentral til i kommunen. Lokalet har mange fasilitetar allereie som toalett og moglegheit for kjøkken. Det er universelt utforma og det er gode parkeringsmoglegheiter. Det ligg tett til barnehage, skule, sjukeheim/omsorgsbustadar og miljøtenesta. Det ligg og nært butikk og idrettsanlegg. Det vil og vere moglegheit for vidare satsingar som BUA og samarbeid med bibliotek.

Vi har sterke frivillige organisasjonar som allereie er involvert med frivillig arbeid inn mot både eldre og born. Vi har ressursar i miljøtenesta og vi har flyktningar der det går an å kombinere språktrening/kafé inn mot miljøarbeid med frivilligheita.

Konklusjon

Masfjorden kommune etablerer ein framtidig møteplass/frivilligsentral i delar av gamle legekantoret på Hosteland. Der det skal gje rom for vidare satsingar. Frivilligsentralen har midlar på fond som vert nytta til etableringa.

Formannskapet - 046/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) sette fram følgjande tillegg til vedtak:

Viss det i framtida vert behov for å utvide Nordbygda barnehage, må frivilligsentralen flytte ut av lokalet.

Framlegg til vedtak med tillegg frå H vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Masfjorden kommune etablerer ein framtidig møteplass/frivilligsentral i delar av gamle legekantoret på Hosteland. Det vil og gje rom for vidare satsingar.

Frivilligsentralen har midlar på fond som vert nytta til etableringa.

Viss det i framtida vert behov for å utvide Nordbygda barnehage, må frivilligsentralen flytte ut av lokalet.